



PÅ RANGLEROCK: Malesiske Tamikrest måtte rømma heimlandet då all musikk blei erklært forbode der. (Pressefoto)

Bannlyst band inntar Bryne

Rockebandet Tamikrest er jaga med våpen ut av heimlandet Mali, men får spela i fred under årets Ranglerock.

LEIF TORE SÆDBERG | tekst
lts@jbl.no

MUSIKK: Ranglerock kan i dag presentera ein stor del av programmet for festivalen i sommar (sjå fakta), som går føre seg i Bryne mølle 11. og 12. juli.

At rock framleis evnar å provosera, er eitt av banda som kjem, Tamikrest, eit levande prov på. Det fem personar sterke ensemblet frå Mali har vanskelegare kår enn dei fleste andre i bransjen.

Musikk forbode

Bandet er nemleg forbode, på lik linje med all musikk, etter

at militante islamistar tok over i det vestafrikanske landet for to år sidan. Musikarar blir truga på livet, og mange har svart med å emigrera. Tamikrest spelar i eksil i noko meir musikkvennlege Algerie.

– Vanlegvis har ikkje rocken så stor politisk og samfunnskritisk kraft i dag, men så kjem ein altså over slike tilfelle. At nokon må reisa i eksil for musikken sin, gir ein ekstra dimensjon, seier bookingsjef Omund Norheim i Ranglerock.


Rett nok var det den musikaliske biten som gjorde festivalen interessert, ettersom det seinaste albumet deira, Chatma, hausta internasjonal ros. Opprocka, tuareregisk tradisjonsmusikk slo an i store delar av verda, men altså ikkje blant dei noverande makhavarane i heimlandet.

Innsamling til Mali

Tamikrest gir ein del av inntektene sine til ulike ideelle organisasjoner som yter hjelp i Mali, og no vil Ranglerock følgja på i same sporet, gjennom den årlege innsamlinga under festivalen.

– Me vil gjerne at inntektene frå Rangle Aid i år går til flyktningleiarar i landet, som hjelper folk på flukt frå borgarkrigen. Dette er ein krig me her i Noreg knapt har hørt om, seier bookingsjefen.

Mali er for ein stor del eit muslimsk land, men den islamistiske



PÅ RANGLEROCK: Siri Nilsen, dotter av meir kjente Lillebjørn. (Pressefoto)



PÅ RANGLEROCK: Fjorden Baby!, som ifølgje VG kom med Årets album i fjor. (Pressefoto)



PÅ RANGLEROCK: Cpt. Biff & The Seamen. (Pressefoto)



PÅ RANGLEROCK: Real Ones, med fersk Spellemannspris. (Pressefoto)

FAKTA

RANGLEROCK 2014

Fredag:

- Siri Nilsen
- Fjorden Baby!
- Real Ones

Laurdag:

- Tamikrest (Mali)
- Wolf People (UK)
- Howlin Rain (US)
- Cpt. Biff & The Seamen

Festivalen går føre seg 11. og 12. juli. Fem artistar til vil bli annonser i løpet av våren.

Mali er for ein stor del eit muslimsk land, men den islamistiske

grupperinga som gjekk til åtak i 2012, tilhøyrer ei ekstrem retning. Dei hevdar å ha støtte i Koranen for musikkforbodet.

God guitarrock

Dei andre, stadfesta, artistane har ein mykje meir fredeleg bakgrunn, frå Noreg, USA og England. Howlin Rain har festivalen prøvd å få tak i i fleire år, og i år klaffa det altså. Bergensbandet Real Ones kjem med ein fersk Spellemannspris og Fjorden Baby! hadde årets album i fjor, ifølgje VG.

Først ut på fredagen er Siri Nilsen, kanskje mest kjend for faren sin, Lillebjørn.

– Me startar roleg, så ballar det på seg etter kvart. Mykje god gitarrrock, lover Omund Norheim.

Festivalen opplyser at dei har brukt meir pengar enn nokon gong på artistar, og satsar på fullt hus, som det har vore dei tre siste åra. I løpet av våren vil fem fleire artistar bli annonserte.